

STANDARDAVTALE – overføring av eigeomsrett til verksemd

Gjeld for studentprosjekt/praksis ved OsloMet – Storbyuniversitetet (heretter OsloMet) i samarbeid med privat og offentlig næringsliv (*også når studenten går ut i næringslivet på eiga hand*).

Avtalen blir gjort mellom:

Student Studentnummer:

Rettleiar ved OsloMet

og verksemd ved

..... og

OsloMet v/instituttleiar

Prosjektet/praksisen blir utført i samband med faget/faga

.....

Prosjektet gir studiepoeng i studiet.

Tidsramme:

Prosjektførebuingar:

Prosjekt/klasse:

- Byrjar:

- Sluttar:

Tittelen på oppgåva er:

.....

.....

Klarering av tredjeperson sine rettar

Partane har ansvar for å klarere eventuelle immaterielle rettar som tredjeperson (som ikkje er part i avtalen) kan ha til prosjektbakgrunn før bruk i samband med utføring av oppgåva.

1. Om oppgåva

Studenten skal utføre ei prosjektoppgåve (praksis/hovudprosjekt) i samarbeid med verksemda. Oppgåva skal utformast i dialog mellom student, verksemd og rettleiar ved OsloMet. Studenten er ansvarleg for å diskutere prosjektforslag og planar med kontaktpersonen ved verksemda og med rettleiar. Det respektive instituttet ved OsloMet er ansvarleg for det pedagogiske innhaldet i prosjektet, og gir endeleg godkjenning.

2. Formål

Formålet med samarbeidet er å utvikle studenten sine kunnskapar, ferdigheiter og bruk av metodar knytt til faget sin eigenart, i nært samarbeid med næringslivet. Arbeidssituasjonen studentane kjem inn i skal vere yrkesrelevant i forhold til utdanninga dei tar. Det er OsloMet sin intensjon at verksemda blir tilført nye impulsar og idear som kan sette i gang prosessar den kan dra nytte av seinare. Studenten skal ikkje ta imot lønn eller liknande godtgjersle frå verksemda.

3. Verksemda sine rettar og plikter

Verksemda har eigedomsretten til spesifikasjonar i prosjektresultatet / den leverte oppgåva og resultat / studenten sine bidrag i verksemda sitt prosjekt.

Alle munnlege og skriftlege data, prosessar, produkt, metodar, munnleg og skriftleg informasjon eller analyseverktøy ("resultat") som blir utvikla, oppdaga eller på annan måte skaffa fram av studenten eller nokon på studenten sine vegne ved gjennomføringa av verksemda sitt prosjekt ("prosjektet") skal høyre til verksemda. Det same gjeld alle rettar til tekniske løysingar, metodar, prosessar og prosedyrar som kjem fram som resultat av prosjektet, anten desse kan takast patent på eller ikkje, og alle opphavsrettar, varemerke, mønster, teikningar, spesifikasjonar, prototypar, knowhow og liknande (også definert som "resultat"). Dette inkluderer også retten til å fjerne feil, endre design, å utvikle resultatet vidare, reprodusere, overføre, reprodusere slik det er lagt fram og med lyd, publisere, oppbevare eller elles modifisere, bruke og utnytte resultata.

Verksemda skal ha rett til å nytte resultata av oppgåva / studenten sitt bidrag i eiga verksemd.

Verksemda får ein frist på 3 – tre - månader frå oppgåva er levert til universitetet for sensurering, til å vurdere moglegheita for å ta patent og søke patent på heile eller delar av resultatet av oppgåva.

Verksemda skal stille med ein kontaktperson som har nødvendig rettleiingskompetanse og gi studenten tilstrekkeleg rettleiing i samarbeid med rettleiar ved OsloMet.

Verksemda sin kontaktperson er:.....

Verksemda skal stille med relevant materiale og dekke kostnadane som følger av arbeidet. Utgiftene kan vere reiser, material for bygging av prototyp, innkjøp av prøver, fargekopiering etc. Kostnader må klarerast med verksemda på førehand. Verksemda skal dekke følgjande utgifter knytt til utføring av oppgåva:

Beløp blir dekt etter originalkvittering.

4. Studenten sine rettar

I samsvar med åndsverkloven har studenten alltid dei ideelle rettane til eige bidrag. Det betyr retten til å bli namngitt og respektretten (det som er gjenstand for opphavsrett skal ikkje bli øydelagt eller vanæra).

Verksemnda kan etter avtale frigi spesifikasjonar og resultat frå prosjektet/oppgåva til studenten.

5. OsloMet sine rettar

De innleverte eksemplara/filene av oppgåva med vedlegg, som er nødvendig for sensur og arkivering ved OsloMet, høyrer til OsloMet. OsloMet får ein vederlagsfri bruksrett til resultatata av oppgåva med vedlegg til denne, og kan nytte dette til undervisings- og forskingsformål med de eventuelle avgrensingar som kjem fram i punkt 8.

6. Publisering

Studenten har rett til å inngå avtale med OsloMet om publisering av oppgåva si i OsloMet sitt institusjonelle arkiv på internett. Studenten har også rett til å publisere si oppgåve, eller delar av den, som ei sjølvstendig avhandling eller som del av eit større arbeid, eller i popularisert form i kva for ein offentlig publikasjon som helst. Publisering må ikkje vere i strid med eventuelt avtalte avgrensingar som kjem fram i punkt 8.

7. Andre avgrensingar

Studenten skal når ho/han er ved institusjonen/verksemnda, rette seg etter arbeidsreglementet ved verksemnda, samt etter eventuelle andre pålegg frå leiinga ved verksemnda.

Ein prosjektplan skal sette rammene for prosjektet når det gjeld framdrift og forplikingar for kvar av partane (vedlegg 1). Prosjektplanen har prioritet etter denne underteikna avtalen.

Ei prosjektskildring vil kome seinare. Per i dag

.....

.....

Når avtalen er underskrive, forpliktar både verksemnda, studenten og OsloMet seg til å gjennomføre prosjektet, slik at studenten blir i stand til å legge fram dei forventa resultatata på ein presentasjon for rettleiarar og medstudentar der verksemdsrepresentantar er velkomne til å delta, og/eller dokumentere resultatata

skriftleg. Studenten gir verksemdsrepresentanten informasjon om tid og stad for presentasjonen.

Om ønskeleg forpliktar OsloMet seg til å sørge for at emneleiar og eventuelle sensorar signerer avtale om teieplikt som gjeld informasjon mottatt munnleg, skriftleg eller på annan måte, om det prosjektet studenten har gått inn i. Det må då også gjerast ein eigen avtale om teieplikt mellom OsloMet og emneleiar og eventuell sensor.

8. Utsett offentleggjering

Oppgåva er offentleg tilgjengeleg, jf. offentleglova § 26. I særlege tilfelle kan partane avtale at offentleggjering av heile eller delar av oppgåva, i samsvar med punkt 5 ovanfor, blir utsett for ein periode på maksimalt 3 år; dvs. at den ikkje er tilgjengeleg for andre enn student og verksemd i denne perioden.

Oppgåva skal være undergitt utsett offentleggjering i

eitt år	
to år	
tre år	

(sett kryss bak tal på år om dette punktet er aktuelt)

Behovet for utsett offentleggjering er grunngitt ut frå følgande:

Dei delane av oppgåva som ikkje er undergitt utsett offentleggjering, kan publiserast i OsloMet sitt institusjonelle arkiv på internett, jf. punkt 5.

Dei delane av oppgåva som er undergitt utsett offentleggjering skal lagrast i eit lukka arkiv i perioden nemnt over.

Sjølv om oppgåva er undergitt utsett offentleggjering, skal verksemda/institusjonen legge til rette for at studenten kan nytte heile eller delar av oppgåva i samband med jobbsøknader, samt vidareføring i eit doktorgradsarbeid.

9. Kommersialisering

Dersom det viser seg at resultatet av oppgåva kan bli patentert, føre til designvern, registrering av varemerke eller at resultatata kan kommersialiserast, skal det gjerast ein eigen avtale mellom verksemd og student.

Om verdien av bruken av resultatata frå oppgåva er vesentleg, dvs. overstig NOK 100.000¹, har studenten rett på eit rimeleg vederlag.

Arbeidstakeroppfinningsloven § 7 gjeld for berekning av vederlag. Denne vederlagsretten gjeld også for resultat ein ikkje kan ta patent på. Bestemmelen om frist i § 7 gjeld tilsvarande.

10. Varigheit

Denne samarbeidsavtalen går ut

11. Generelt

Denne avtalen skal gjelde framfor andre avtaler som er eller blir oppretta mellom to av partane som er nemnt ovanfor. Dersom student og verksemd inngår avtale om at det studenten får kjennskap til i verksemda skal vere konfidensielt, skal inngått avtale om teieplikt leggast ved denne avtalen.

Oppstår eventuelle usemjer, klager eller skader skal rettleiar snarast bli informert.

Eventuell ueinigheit som følge av denne avtalen om bachelor-/masteroppgåve skal søkast løyst ved forhandlingar. Om dette ikkje fører fram, er partane einige om å la tvisten avgjerast ved skiltsdom i samsvar med norsk lov. Tvisten blir avgjort av Oslo tingrett.

Denne avtalen er underskrive i 4 - fire – eksemplar, partane skal ha kvart sitt eksemplar. Avtalen er gyldig når den er godkjent og underskrive av OsloMet v/instituttleiar.

Student

Rettleiar ved OsloMet

.....
(signatur)

.....
(dato)

.....
(signatur)

.....
(dato)

For verksemd/institusjon

.....
(stempel og signatur)

.....
(dato)

Avtalen er godkjent av instituttleiar ved OsloMet:

.....
(stempel og signatur)

.....
(dato)

Vedlegg 1: Prosjektplan

¹ Med dette tyder inkomne inntekter etter at utgifter til ervervsmessig utnytting, inkludert kostnader forbunde med sikring av rettar og kommersialisering, er trekt frå.